


Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel - frådelling av tomt til bustad på gbnr 1/6 - 5918 Frekhaug – Dag Albert Sudmann

Gbnr 1/6 på Flatøy er eit lite småbruk som ikkje lenger er i drift. Vi ønskjer å legge til rette for at fleire generasjonar kan bu på eigedommen slik at dei kan dra gjensidig nytte av kvarandre i gjeremål og få tilknytning til garden.


Vi ønskjer derfor å skilje ut ein tomt og etablere ein ny bustad på gbnr 1/6. Tomta vi ønskjer å skilje frå er omlag 1 mål som er i utkanten av eit større område som er satt av til bustadformål i kommunens arealplan, B2.



I planføresegnene til B2 er det krav om reguleringsplan, men vi ønskjer ikkje å regulere dette området no og meiner at opparbeiding av ein reguleringsplan vil gje oss urettmessig store utgifter når vi kun ønskjer å bygge ein bustad. Vi må derfor be om at det omsøkte arealet må behandlast som ein dispensasjonssak frå gjeldande kommuneplan.

Tiltaket det søkes om er eit mindre tiltak og det bør derfor kunne gis dispensasjon frå plankravet. Frådellinga gir god utnytting av areal og det vil ikkje gje noko restareal dersom ein i framtida skulle ønskje å opparbeide bustader på B2 område som ligg i kommuneplanen.

Tomten som vi ønsker frådelt ligg i tilknytning til eksisterande einebustader og det vil vere naturleg å vidareføre denne bustadtypen på tomten som ein fortetting av eksisterande busetnadar. Ein einebustad tomt vil ikkje bryte med eksisterande bustadmiljø og vil gå godt inn i nabolaget.



Den nye busetnaden kan nytta seg av eksisterande teknisk infrastruktur og transportsystem som er i området. Det er også gangavstand til godt kollektiv tilbod og kort avstand til dagens kommunesenteret og komande Alver kommune sitt kommunesenter.

Vi meiner at fordelane med å gje dispensasjon frå plankravet ikkje sett bestemmingane vesentleg til side og at fordelane er klart større enn ulempa.

Venleg helsing

Dag Albert Sudmann

Vedrørende vegframkomst til omsøkt frådelt parsell.

12.05.2019

Ny frådelt parsell vi bli gjeve bruksrett på privat veg over Hjelten.

Vegen er ein del av Gnr 1. Bnr 6 og eigar er Dag albert Sudmann

Dag Albert Sudmann

Dag Albert Sudmann